

## **SAUHERAD HISTORIELAG - ÅRSBERETNING FOR 2009**

Sauherad Historielag hadde sitt årsmøte på biblioteket på Gvarv den 17. febr. 2010.

Årsmeldinga visar at laget i 2009 hatt eit aktivt og interessant arbeidsår. Forutan ordi-

nære styremøter og årsmøte er det gjennomført medlemsmøter og turar til lokale stader i bygda. Publikum har sluttat godt opp om aktivitetane, og medlemstallet er aukande.

Det er halde 2 ordinære styremøter og 5 åpne medlemsmøter. Dessutan har styret vori engasjert i arbeidet med utarbeiding av lokal dataheimeside i samarbeid med styret i lokalhistorisk arkiv.

Årsmøtet for 2008 blei halde den 26. februar 2009. Økonomien i laget er god, og det er gledeleg å konstatere at medlemstallet aukar. Ved utgagen av 2009 nærmer tallet seg 50 medlemmar.

I april hadde laget møte på Gvarv der temaet var "Kanalens betydning for bygda" Direktør Svein Arntzen i Telemarkskanalen holdt eit interessant foredrag, og lokale aktørar fortalte om virksomheter langs kanalen i Sauherad. Vassvegen gjennom bygda har til alle tider vori ei livsnerve, og mykje av transport, handel, busetnad og aktivitetar har vori knytta til elva. Sjøl om Kanalen idag ikkje lenger har same status som tidlegare vil ein håpe at den i framtida fortsatt kan ha interesse.

Den 28. mai var historielaget på tur saman med Gvarv Turlag til eit gammalt steinfjos ved Lönheim. Eivind Lönheim fortalte og viste gamle kulturminner i området.

I august hadde laget ein triveleg tur til den nedlagte storbakken Narekollen.

Entusiastar på Nordagutu har i sommar rydda bakken, slik at ein igjen kan sjå storleiken. Omlag 200 personar, blandt dei den gamle storhopparan Eivind H. Svartdal hadde funne vegen til bakken

Neste temamøte var lagt til Sauherad prestegard, der Hans Sundsvalen fortalte om den gamle prestebustaden. Ivar Solbu tok for seg eindel av prestane som hadde virka og budd i Sauherad, mens Bjørn Holta fortalte fra sin oppvekst på garden.

Den 14. oktober arrangerte laget møte på Sambruksanlegget på Nordagutu, der temaet var "Jernbanens betydning for bygda". På same måte som Kanalen tidlegare var ei viktig transportåre for Sauherad, har jernbanen i dei siste 80 - 90 åra vore viktig for utviklinga. Trond Lepperød fortalte, mens Arne Torgeir Ripegutu viste gamle

foto og kåserte om utbygginga. Einar Flåtin viste tilslutt interessante bilder fra eldre togsett og situasjoner fra Nordagutu.

Arbeidet i laget har i år, i tillegg til ovannevnte arrangement, vore retta mot redigering av ny dataside. Arbeidet er i vesentleg grad eit samarbeid med lokalhistorisk arkiv, der styremedlem Eivind Lönheim har vore pådrivar. Heimesida er nå installert, og vil bli utbygd etterkvart.

Fleire av medlemmene har òg vore aktive i arbeidet som lokalhistorisk arkiv har satt i gang med å registrere kulturminner i bygda. Dette er eit svært viktig tiltak, og sjøl om arbeidet er omfattande vil det være av stor verdi for seinare tider.

Laget har vidare vore med i arbeidet med å legge til rette for rehabilitering av den gamle tingstaden Tinghaug. Plassen blei offisielt tatt i bruk ved ei tilstelning i sommar, og vil vere med å sette lys på tidlegare tiders historie.

Laget har tidlegare gjeve ut 2 bøkar: *Saude og Nes - Utvandrarár 1843-1914, pionertid 1843-1865*, skrive av Arnt Edvin Håtveit, og *Hallvard Gråtopp frå Lindheim skipreide*, med Birger Kirkeby som forfattar. Det er gjennom året solgt eindel

eksemplarar, og det er fortsatt bøker på lager.

I 2009 har laget hatt dette styret: Bjørn Holta, Gunhild Haugerud, Arnt Håtveit, Kittil Prestholdt og Nils Olav Haugen. Varamedlemmer til styret har vore Nils Leidulf Nerisrud og Olav J. Haukvik. Nils Leidulf er kasserar, og Einar Kleiverud og Lars O. Haugen har revidert rekneskapen.

Årsmøtet gjenvalgte samtlige styremedlemmar, medan revisorane som nekta attval blei erstatta av Aslak Gunnheim og Kittil Dyrud.

Styrets årsprogram for 2010 blei godkjent utan merknader, og ser slik ut:

Februar	17.	Årsmøte
Mars	24.	Historisk tilbakeblikk over rettsvesenet i bygda. Thorstein Vale foredrar.
April	14.	Motstandsrørsla i Øst-Telemark - eit 70-års minne. Svein Vetle Trae orienterar.
Mai	26.	Hørteverket - industriverksemd i gamle dagar, rusletur på Hørte med Peter Sevatdal.
Juni	16.	Sommartur til Myrene med Einar Hem.
August	18.	Hjuksevelta - industriverksemd i gamle dagar, omvisning v/Nils Angard m.fl.
Okt.	20.	Gamle ferdelsvegar i bygda.

Styret takkar medlemmer og andre interesserte for støtte gjennom året, og håpar at lagets arbeid kan vere til gavn og nytte for bygda i arbeidet med å halde oppe interessa for den rike lokalhistoria vi har.

for Sauherad Historielag  
Bjørn Holta (form)